

MØTEREFERAT.

Møte:	Arbeidsgruppe, Tokke skule. Hovudprosjekt.	NR: 1
Dato:	24.04.2024	
Til stades:	John Kjell Lien Arvid Moen Andreas Brubakk Tone Lunde Skaalen Mona Skaufel Seltveit	
Forfall:		
Referent:	John Kjell Lien	
Distribusjon:	Deltakarar	

Arbeidsgruppedeltakarar:

Rolle.	Firma.	Namn.	Tlf.nr.	Mailadr.
PL	Tokke kommune	John Kjell Lien	90527762	ijkl@tokke.kommune.no
Kommunalsjef teknisk	Tokke kommune	Arvid Moen	47640625	arvid.moen@tokke.kommune.no
Eigedomsforvaltar	Tokke kommune	Andreas Brubakk	47459882	arvid.brubakk@tokke.kommune.no
Kommunalsjef oppve.	Tokke kommune	Tone Lunde Skaalen	97171406	tone.lunde.skaalen@tokke.kommune.no
Inspektør	Tokke skule	Mona Skaufel Seltveit	91699148	mona.seltveit@tokke.kommune.no

Status:

Saknr.	Tekst.	Ansvar.	Frist.
	Dette er fyrste møte i arbeidsgruppa. Såg på og diskutera forskjellige løysingar for å oppgradere Tokke skule. Målet til AG nå er å kome fram til kva for løysingsalternativ ein meiner er det beste. Det som er stipulera av byggekostnadar er eit veldig grovt overslag. Den endelege kostnaden vil ein ikkje få før ein får inn tilbod på arbeidet. Kostnadane er stipulera utan m.v.a. Det er lagt til grunn eit elevtal på 200 + 40 på SFO, og eit arealbehov på 11 m2 pr elev. Eksisterande skule har eit areal på om lag 3400 m2.		

Prosjektering:

Saknr.	Tekst.	Ansvar.	Frist.
	Prosjektplan. Planen blei gått gjennom og sett på oppgåver, organisering og milepælar. Det kan vere noko stram tidslinje. Det tidlegare arbeidet som var gjort for utbetring av Tokke skule blei gått gjennom. Det blei sett på rapportar og alternativ til løysing av oppdraget. PL la også fram nokre tankar om korleis dette kunne løysast. Dei forskjellige alternativa blei diskutera. <u>Alt 1: Behalde heile eksisterande skulebygg.</u> Berre oppussing, ingen endring av byggets planløysing og utvendig fasade er ei mogleg løysing. Eller behalde bygninga si form og endre planløysing innvendig. Fordelar: Sannsynleg den løysinga med minst klimaavtrykk. Bakdelar: Dagens rominndeling dekker ikkje behov som til dømes grupperom, møterom, opphaldsrom, garderobe mm, samt framleis mange gangar i bygget som gjer arealet lite effektivt. Stort behov for ombygging, rehabilitering, energisparande og brannverntiltak. Vil aldri kunne bli like godt som eit nybygg. Det vil nok også føre til at ein får eit lite arealeffektivt bygg som får høgare kostnadar til drift med tanke på energi og reinhald, samt vedlikehaldskostnadar. Kostnad: Rehabiliter eksisterande skulebygg 3400 m2 x kr. 25.000,- = kr. 85.000.000,- Utomhusarbeid RS = kr. 1.000.000,- Midlertidig skulebygg/ SFO RS = kr. 6.000.000,- Prosjektsum kr. 92.000.000,- + mva		

	<u>Alt 2: Behalde noko av eksisterande bygg og noko nytt.</u> Her ser ein føre seg å behalde Lio-fløyen inkl dagens SFO og rive resterande gamalt. Dette vil føre med seg noko ombygging og rehabilitering av denne fløyen både i 1. og 2. etg. Då vil eit nybygg innehalde undervisningsrom, arbeidsrom for lærarar og administrasjon. Fordelar: Ein får nye tilpassa areal for undervisning og arbeidsrom for tilsette. Ved å behalde Lio-fløyen får ein behalde spesialrom til f.eks handverksfag og mat/ helse. Dette er store gode rom i dag. Dette alternativet gjev også eit mindre klimaavtrykk enn eit heilt nytt bygg. Ved å behalde noko av eksisterande bygg, vil ein også mogleg kunne utløyse noko tilskot i form av Klimasatsmidlar. Nybygd areal vil vere arealeffektive, energisparande og vil også vere eit kostnadseffektivt bygg å drifte. Bakdelar: Behov for ombygging, rehabilitering energisparande tiltak i attverande Lio-fløy. Fløyen vil aldri bli heilt like god som eit nybygg med tanke på driftskostnadar. Kostnad: Rehabiliter Lio-fløyen 1600 m2 x kr. 25.000 , - = kr. 40.000.000,- Rive 1800 m2 RS = kr. 2.000.000,- Nybygg 1600 m2 x kr. 43.000,- = kr. 68.800.000,- Utomhusarbeid RS = kr. 1.000.000,- Midlertidig skulebygg/ SFO RS = kr. 6.000.000,- Prosjektsum kr. 117.800.000,- + mva <u>Alt 3. Bygge alt nytt.</u> Fordelar: Stort handlingsrom for å dekke ønskje og behov, både i innhald og plassering av bygg. Ein får eit heilt nytt arealeffektivt bygg som er energisparande og har ein låg driftskostnad.		
--	---	--	--

Bakdelar: Ved å bygge alt nytt vil det føre til eit større klimaavtrykk enn ved å behalde noko eksisterande. Ved å bygge alt nytt, vil spesialrom som i dag er i Liofløyen, også bli nye. Nye spesialrom vil bli mykje mindre i areal og gje mindre plass for utfolding i faga for elevane. Kostnad: <table><tr><td>Rive 3400 m2 RS</td><td>= kr. 3.800.000,-</td></tr><tr><td>Nybygg 2600 m2 x kr. 43.000,-</td><td>= kr. 111.800.000,-</td></tr><tr><td>Utomhusarbeid RS</td><td>= kr. 1.000.000,-</td></tr><tr><td>Midlertidig skulebygg/ SFO RS</td><td>= kr. 6.000.000,-</td></tr><tr><td>Prosjektsum</td><td>kr. 122.600.000,- + mva</td></tr></table> <u>Alt 4: Likt som alt 2, men med eige separat bygg for ungdomskulen.</u> Fordelar: Same fordelar som i alternativ 2. Ein får separert ungdomskuleelevane frå dei mindre elevane. Uansett alternativ vil det vere viktig å skilje barne – og ungdomsskule, men då innan same bygning. Bakdelar: Ein får to separate bygg å drifte, noko som fører til høgare drifts og vedlikehaldskostnader. Ein må ha to av alt, noko som også fører til høgare kostnader for sjølv skuledrifta. Samla byggekostnader pr m2 vil også vere høgare med denne løysinga. Det blir noko meir teknisk areal. Det vil vere lite tenleg å fordele skulen utover fleire bygg. Lærarar og leing må spreie seg på 2 bygg. Lærarar må veksle arbeidsstad mellom 2 bygg (brukar ofte same lærarar mellom trinna). Blir auke i kostnader i høve utstyr. Det er også ein del utfordringar med å bygge eit bygg på det føreslegne område bak Tokkehallen. Det blir liggande i NVE sitt aktsemdsområde for flaum, med dei kostnadsdrivande tiltak det fører med seg. Det er ikkje sikkert at det blir tillate å bygge der, samt ein kan få dyrare forsikring på grunn av plassering. Dette vil også gjere inngrep i idrettsbanen som ligg der.	Rive 3400 m2 RS	= kr. 3.800.000,-	Nybygg 2600 m2 x kr. 43.000,-	= kr. 111.800.000,-	Utomhusarbeid RS	= kr. 1.000.000,-	Midlertidig skulebygg/ SFO RS	= kr. 6.000.000,-	Prosjektsum	kr. 122.600.000,- + mva		
Rive 3400 m2 RS	= kr. 3.800.000,-											
Nybygg 2600 m2 x kr. 43.000,-	= kr. 111.800.000,-											
Utomhusarbeid RS	= kr. 1.000.000,-											
Midlertidig skulebygg/ SFO RS	= kr. 6.000.000,-											
Prosjektsum	kr. 122.600.000,- + mva											

	Kostnad: Rehabiliter Lio-fløyen 1600 m2 x kr. 25.000 , - = kr. 40.000.000,- Rive 1800 m2 RS = kr. 2.000.000,- Nybygg fordela på to bygg, 1800 m2 x kr.43.000,- = kr. 77.400.000,- Utomhusarbeid x 2 RS = kr. 2.000.000,- Midlertidig skulebygg/ SFO RS = kr. 6.000.000,- Prosjektsum kr. 127.400.000,- + mva Ved alle alternativa bør ein ha ein midlertidig løysing på skulebygg, då det ikkje er gunstig å drive bygg/ anleggsarbeid i samband/ nærleiken til skuledrift. Om ein vel å bruke noko av skulen under byggetida, vil nok dette slå ut i auka riggkostnad i tilboda. <u>Konklusjon frå møte i AG.</u> Med grunnlag i dei økonomiske rammene og ynskje om å behalde gode praktiske spesialrom, meiner AG at løysingsalternativ 2, med å behalde Lio-fløyen og rive det resterande er den beste løysinga. Denne løysinga gjev også ein klimagevinst ved gjenbruk av delar av eksisterande bygg. Bygge om og rehabiliter Lio-fløyen med sine spesialrom, flyte teknisk rom til klasserom 2. etg sør. Behalde SFO i 1. etg. Bygge nytt bygg for undervisningsklasserom og administrasjon. Det er viktig å skilje barne – og ungdomsskule, men då innan same bygning, med separate uteområde. Løysing gjerast saman med arkitekt. Denne løysinga vil mogleg kunne løyse ut sentrale tilskot. Det er ikkje konkludera med korleis eit nytt bygg skal plasserast i samanheng med Lio-fløyen. Dette er ei oppgåve som ein arkitekt bør sjå på i samband med prosjekteringa.		
--	--	--	--

Evt.

Saknr.	Tekst.	Ansvar.	Frist.
	Dette blir sendt til RG 1 og RG 2 for uttale. Frist for uttale frå RG er 22.05.2024. Neste møte i AG 24.05.2024 kl. 0900.		

Tokke

John Kjell Lien
Ref.